



Sakshandsamar:

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sfj.no

Tlf.: 41530964

Vår ref.

Sak nr.: 15/8146-7

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internett l.nr.

7561/16

Dykkar ref.

NVE
Postboks 5091, Maj.
0301 OSLO

nve@nve.no

Dato
LEIKANGER, 29.02.2016

Høyringsuttale til tilleggssøknad for 132 kV kraftlinje Dalsbotnfjellet vindkraftverk-Frøyset trafo i Gulen og Masfjorden kommunar

NVE ber i brev av 23.02.2016 om uttale til tilleggssøknad frå Zephyr AS for ei 132 kV kraftlinje frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk i Gulen kommune til Frøyset trafo i Masfjorden kommune.

Fylkeskommunen uttalte seg dette linjeprosjektet i møte 30.09.2015, sak 88/15, der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at søknaden om 132 kV linja mellom Dalsbotnfjellet vindkraftverk og Frøyset transformatorstasjon er eit nødvendig tiltak for å kunne transportere ut elektrisk kraft frå vindkraftverket, og rår til at det vert gitt løyve til utbygging.*
2. *Justering av linjetraseen som omtalt i søknaden ved Stølsvatnet like nord for Austgulfjorden og ved Halsane lengst sør i fylket, bør gjennomførast.*
3. *Det må gjennomførast kulturminneregistrering, og mastefeste og linjeføring må justerast, dersom tiltaket får negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø.*

Tilleggssøknaden inneholder eit nytt trase-alternativ, alt. 3, i den sørleg delen av linjeprosjektet, nærmere bestemt mellom Frøyset trafo lengst i sør (Masfjorden) og nordover til fjelltoppen Varden som ligg like sør for Austgulfjorden. I tillegg ønsker søkeren å legge trasen på vestsida av Stølsvatnet i staden for på austsida, slik det tidlegare er søkt om. Denne justeringa (nord for Austgulfjorden) er i tråd med merknader m.a. frå fylkeskommunen.

Kartet under viser den nye traseen (alt. 3, blå strek) saman med den som fylkeskommunen tidlegare har uttalt seg til (raud strek, omtalt som alt. 1 i tilleggssøknaden). Den nye traseen er planlagt lenger vest og går i hovudsak parallelt med den tidlegare omsøkte traseen. Søkjaren ønsker at begge traseane skal ha status som omsøkt, men prioritert den nye, alt.3. På kartet er det også vist ein variant, alt. 2, som ikkje er omsøkt. Omsyn til friluftsliv i Myrdalen (Hordaland) er i søknaden omtalt som den viktigaste årsaka til at det vert lansert eit nytt alternativ med første-prioritet.

I søkeren er det gjort ei konsekvensvurdering av dei tre løysingane vurdert mot kvarandre.

- For landskap er alt. 2 og 3 vurdert likt og därlegare enn 1 (tidlegare omsøkt løysing).
- Kulturminne og kulturlandskap: Alt. 1 og 2 er vurdert likt og därlegare enn alt. 3.
- Friluftsliv og nærmiljø: Alt. 1 er best og alt 3. er därlegast.
- Naturmangfold: Alle tre alternativa er vurdert likt.
- Landbruk. Alt. 1 er vurdert därlegast og alt 3. best.

Ved prioritering av løysing har søkeren lagt vekt på lokale interesser knytt til friluftsliv i Myrdalen, og mindre vekt på at kraftlinja vert flytta inn i inngrepsfrie fjellområde og at den vil gå relativt nær hytter og eit planlagt bustadhús ved Korsvoll (Gulen). Alle hytter /bustader vil ligge utanfor utgreiingsgrensa for magnetfelt, som er 25 meter for denne kraftlinja. Samla sett vurder søkeren alt. 3 som betre enn alt 1 og 2.

Kulturminne


Vi ser positivt på at kraftlinja no er planlagt på vestsida av Stølsvatnet. Vidare finn vi at det nye alternativet (alt. 3) kjem betre ut i forhold til kulturminne og kulturlandskap enn tidlegare alternativ, og vi meiner at dette bør leggast til grunn for utbygging.



Inngrep som stolpefeste, midlertidig vegframføring og liknande, kan lokalt sterkt påverke kulturmiljøet og gamle strukturar, både over og under bakken. Dersom automatisk freda kulturminne og/eller viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synlege spor etter tidlegare landbruks-aktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. Vi viser elles til tidlegare uttale og minner om kulturminneregistrering.

Landskap og friluftsliv

Det opprinnelige alternativet (alt. 1) er i konsekvensvurderinga som følgjer søknaden, vurdert som betre enn alt. 2 og 3 når det gjeld tema landskap og friluftsliv. Dette har samanheng med at kraftlinja under alt. 2 og 3 vert lagt over høgder i terrenget og vil dermed bli meir eksponert for innsyn frå større område. Fylkesrådmannen meiner at visuelle verknader bør vurderast nærmere gjennom den vidare konsesjonshandsaminga (jf. aktuell synfaring i terrenget).



Konklusjon.

Fylkesrådmannen ser at det i tilleggssøknaden er gjort endringar i linjetraseen i tråd med vår tidlegare uttale. Fylkesrådmannen støttar vurderingane som er gjort for ulike tema i tilleggs-søknaden, men er usikker på konklusjonen om at alternativ 3 kjem best ut totalt sett og ønskjer at visuelle verknader vert vurdert nærmere gjennom den vidare konsesjonshandsaminga.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Idar Sagen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift